



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/1285-

12. juni 2023

**Svar på spørsmål nr. 2445 til skriftleg besvarelse frå stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård**

**Spørsmål:**

«Kan samferdselsministeren leggje fram kor mange meter asfalt som vart lagt her i landet på fylkesvegane og på riksvegane spesifisert i åra, 2018,2019,2020,2021 og 2022, og forventa ant meter på fylkes og riksvegane i 2023?»

**Svar:**

Tabellen under er henta frå Statens vegvesen og viser lengde km det er gjennomført vedlikehald i form av asfaltering. Det er rapportert for riksveg (2018-2022) og for fylkesveg (2018-2019).

	Km asfaltering (vedlikehald)					
År	2018	2019	2020	2021	2022	2023 (prognose)
Riksveg	940	860	770	1 149	835	690/ 840 (RNB)
Fylkesveg	2 160	2 270	-	-	-	-

For riksveg er prognosen for 2023 om lag 690 km før tildeling av ekstramidlar i samband med revidert nasjonalbudsjett. Med førespegla tilleggsøyving vil det bli om lag 840 km. Endeleg omfang blir påverka av prisutviklinga utover året (SSB-indeks for vedlikehald, asfaltering av veger).


For fylkesveg har Statens vegvesen ikkje nokon tilsvarande oversikt frå år 2020 etter avviklinga av sams vegadministrasjon.

Tabellen under er henta frå Statistisk sentralbyrå sin statistikkbank, frå kommune-stat-rapportering (KOSTRA), og gjeld fylkesveg dekkelagt siste år (2020-2022).

	<b>Fylkesveg dekkelagt siste år (km)</b>		
<b>År</b>	<i>2020</i>	<i>2021</i>	<i>2022</i>
<b>Alle fylkeskommunar</b>	1 455,5	2 099,7	1 652,0

Samferdselsdepartementet har ikkje oversikt over fylkeskommunane sine planar for dekkelegging i 2023.

Med helsing



Jon-Ivar Nygård